



FISKERIDIREKTORATET

Fjell Kommune  
Postboks 184  
  
5342 STRAUME

Saksbehandler: Ola Midttun  
Telefon: 46888567  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 12/14310  
Deres referanse:  
Vår dato: 14.12.2012  
Deres dato: 22.10.2012

Att:  
postmottak@fjell.kommune.no

## Elektronisk post

### FJELL KOMMUNE HORDALAND -PLANPROGRAM FOR RULLERING AV KOMMUNEPLANENS AREALDEL - UTTALE

Vi viser til motteke epost med dato 22.10.2012 med planoppstartvarsel med planprogram for rullering av kommuneplan for Fjell kommune. Fiskeridirektoratet region Vest deltek i arealplanlegginga av sjøområda i kommunen gjennom å sjå til at nasjonale målsetjingar innafor fiskeripolitikken vert lagt til grunn. Mellom anna ynskjer vi å sikre at det vert sett av tilstrekkelig areal til hausting av naturressursar og til matproduksjon i sjø innafor berekraftige rammer. I tillegg er det viktig at marint biologisk mangfald i kommunen vert ivareteke. Samfunnsdelen av kommuneplanen skal legge grunnlag for vidare arealplanlegging og vise bruk og vern av areala i kommunen. Vi er opptekne av at kommunane ser samanheng mellom bruk av land og sjø i kommuneplanen, noko som vil vere med på å redusere konflikhtar i sjø og sjønære områder og gje ei meir føreseieleg utvikling.

#### **Kommentarar til planprogram.**

Særleg innafor havbruksnæringa er det viktig med eit godt samarbeid mellom kommunar med felles sjøområde. Her vil eit samarbeid om planlegging av felles sjøområde med nabokommunane gje eit fortrinn for næringa.

Vi har ikkje fått planstrategi for Fjell kommune på høyring. PBL § 10-1 pkt 2 gjev retningsliner for korleis planstrategien skal utarbeidast. Sitat: " *Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner.*" Vi føreset difor at dei innspela vi kjem med i høve til næring i denne høyringsuttala vert teke med i utarbeiding av samfunnsdelen. Sjå merknadar til samfunnsdelen nedanfor.

I kapittel 4 er det satt opp tema og mål for rulleringa som igjen er delt inn i undertema 4.1.1 *Busetnad og utbyggingsmønster*, 4.1.2 *Næring* og 4.1.3 *Kystkultur*.

Under Næring er *"Sikre attraktive næringsareal ved sjø"* blant arealstrategiene som er ført opp for å nå delmålet *"Legge til rette for næringsareal som styrkar eit mangfaldig næringsliv"*.

Vi ser positivt på at kommunen ønskjer å leggje til rette for næringsutvikling ved sjøen, samstundes som vi understreker at ein må ha særleg fokus på å avklare spørsmål knyta til fiskeriinteresser og havbruksinteresser.

### **Innspel til innhald i samfunnsdelen av kommuneplanen**

Fjell kommune har fleire gode fiskeområde som er av verdi både i tilknytning til næringsmessig kystfiskeri og i tilknytning til fritids- og turistfiske. Vi ser det som viktig at desse fiskeområda vert sikra gjennom kommunen si arealplanlegging. Fordi samfunnsdelen vil gje overordna føringar for innhaldet i arealdelen av kommuneplanen ser vi det som viktig at dette òg vert teke opp i samfunnsdelen. Fiskeri- og akvakultur er viktige næringar i Fjell kommune, vi rår til at ein tek inn konkrete tiltak som viser korleis kommunen vil leggje til rette for at fiskeri- og akvakulturnæringa skal få utvikle seg framover. Å leggje til rette for ei positiv utvikling for fiskerinæringa i kommunen er viktig både for rekruttering til fiskaryrket og for etablering av landbasert næring i tilknytning til fiskeri. For Akvakulturnæringa vil det vere viktig å leggje til rette for tilgjengelege sjøareal i kommunen.

### **Innspel til arealdelen av kommuneplanen**

#### **Ny Plan- og bygningslov.**

Ny plan- og bygningslov (PBL), plandelen har verka sidan 1. juli 2009 og særleg sentralt i høve til planlegging av sjøareal tilknyta fiskeområde og akvakulturområde er PBL § 11-7 pkt 6 *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone* og § 11-11 pkt. 3 *bruk og vern av vassflate, vassøyle og botn*, og pkt. 7 kva artsgrupper eller arter av akvakultur som einskild eller i kombinasjon kan etablerast.

#### **Fiskeri og marine ressursområde:**

Med unntak av fiske etter vill-laks som vert regulert under lakselova, vert alt fiske i sjøen regulert under havressurslova (tidlegare saltvannsfiskelova) som har verka frå 01.01.2009. I § 1 formålet til lova heiter det: *"Formålet med lova er å sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av dei viltlevande marine ressursane og det tilhøyrande genetiske materialet og å medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna"*.

Fiskeridirektoratet region Vest legg vekt på å sikre dei viktigaste fiskebruksområda og fiskeressursområda gjennom arealplanlegginga. Kartlagde marine ressursområde, t.d. gyteområde, må og sikrast mot arealbruk som kan representere trugsmål mot marine ressursar. Dette er viktig for å sikre driftsgrunnlaget til kystfiskarane, men og viktig for å ta vare på det marinbiologiske mangfaldet.

Bestanden av kysttorsk har i dei seinare åra vore sterkt redusert og sentrale fiskeristyresmakter ser det som ei målsetting å sikre dei lokale bestandane av

kysttorsk, difor ser vi det som viktig at særlig gytefelt for torsk vert prioritert og beskytta gjennom arealplanlegginga i kommunen. Dette gjeld òg område med ålegrasenger som er viktige oppvekstområde både for kysttorsk, andre marine artar og for sjøfugl. Regionkontoret har gjennom fleire år registrert fleire fiskefelt, låssettingsplassar og marine ressursområde gjennom samarbeid med lokale fiskarlag.

### **Akvakultur:**

Akvakulturverksemd vert regulert under akvakulturlova. I høve til planlegging etter PBL er det særleg akvakulturloven § 15 som er sentral, *løyve til akvakultur kan ikkje gjevast i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova.*

Det er viktig at kommunen gjennom arealplanlegginga legg tilhøva til rette for ei utvikling innanfor sjøområda der det er etablert akvakulturverksemd dersom dette er mogleg. Dette må skje gjennom samarbeid med næringa og fagmynder.

Det er næringa som sit med den viktigaste informasjonen om utviklingstrekk og framtidig trong for areal, og ein må såleis sikre tilstrekkeleg representasjon frå næringa gjennom planprosessen.

Vi meiner og at det må leggjast større vekt på å synleggjere totalt arealbruk, ikkje berre i overflata, men og i vassøyla og på sjøbotn.

Fortøyingar som kryssar utanfor planlagt akvakulturområde kan representere konfliktpotensial t.d. med fiske. Kor store område som vert råka av fortøyingar må bereknast før ein kan vurdere konfliktpotensial med anna arealbruk. Iht. ny Plan- og bygningslov er det no høve til å planleggje for akvakultur i overflate, vass-søyle og på botn.

### **Forvaltningsforma og akvakulturforvaltning.**

Frå 01.01.2010 tok Hordaland Fylkeskommune over ansvaret for tildeling av akvakulturløyve i Hordaland fylke som følgje av forvaltningsreforma. Meir om forvaltningsreforma og akvakulturforvaltning kan ein lese på nettadressa: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/fkd/aktuelt/nyheter/2009/fra-nyttar-overtekyfylkeskommunane-ansva.html?id=588878>

**Fiskeridirektoratet Region Vest ser det som viktig arealbruken i sjøområda vert rullerte i samband med rullering av arealdelen av kommuneplanen. Det er viktig at område for akvakultur og viktige fiskeressurs- og fiskebruksområde her vert teke inn som einkategori område.**

Gjennom Fiskeridirektoratet sitt elektroniske kartverktøy finn ein geografisk informasjon om alle godkjente akvakulturlokalitetar, registrerte gytefelt, fiskefelt og låssettingsplassar. Kartløysinga legg også til rette for nedlasting av temadata innan fiskeri og akvakultur (sosi- eller shapeformat). <http://kart.fiskeridir.no/adaptive/> Framlegg til kommunedelplan med kart og føresegnar vert å sende på høyring til Fiskeridirektoratet region Vest, postboks 185 Sentrum, 5804 Bergen, eller elektronisk til [postmottak@fiskeridir.no](mailto:postmottak@fiskeridir.no)

Med hilsen

Ola Midttun  
seniorrådgiver

Ingerid Bjørkevoll  
rådgiver

*Brevet er elektronisk godkjent og sendes uten underskrift*